

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Sör-Tröndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hemne

Emne: Jeger og jaktstyr.

Bygdelag: Likroken

Oppskr. av: Arne Södal,

Gard: Kveldsro

(adresse): Kyrksäteröra.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Tradisjonar, tru og segner omkring jeger og jaktstyr.

- 1) Jau gamle skyttarar fortel at det serleg i eldre tid var nokså nöjje med det at ein ikkje måtte skyte på eit dyr som låg og sov og kvilde. Det måtte få reise seg i alle fall för det small. Likeeins dyr som var på veg over ei elv eller låg på sym over eit vatten. Det var halde for både stygt og ulovleg, om det ikkje akkurat var skrevne löver for det. Per Sinnes, 70 år og gamal jeger, trur heller ikkje ein kan skyte på dyr på ein offentleg veg, kanskje hekst for det at der er større fåre for at ein der kan koma ut for å råke folk.
- 2) Ikkje akkurat straff, men ein skjemde seg ut i folks augo, slik at det var leitt og kvisamt å gå på.
- 3) Både Per Sinnes og Johan Lidal, 90 år, er samde om at sundagsjakt det var ikkje dreve först dei minnest. Det var vanleg fordömt av alt bra folk, og den som forbraut seg mot det, var skjemd og stempla som ei uvyrde. Det er först no i seinare tid at det har kome på bruk, sikkert ei etteraping av byfolk og sportsjegzar som no flöymer ut over bygdene. Halvor Lidal, 70 år, seier at far hans sette strengt forbod mot å gå på jakt om sundagen, og meinte på at det förde til at ein fikk mindre på yrkedagane og.
- 4) Skadeskotne dyr måtte ein ikkje gå frå, men gjera alt ein kunne for å få tak i det og avlive det. Og da galdt ikkje reglane om jaktvald og rettar, da kunne ein fylgje etter kvar det så bar. Per Sinnes seier at det er betre med dette no etter at det er brukeleg å ha hund med, da det er lettare å finne dyret. För var det svært ofte at desse arme dyra vart gåande og pinast i månadsvis. Eg

16977



kan såleis hugse frå barndomen at dei ein vinter kom kom over ein hjort med berre tri föter. Han hadde da gått slik heilt frå hausten.

- 5) Har ikkje fått tak på noko om det.
- 6) Fleire fortel at det var eit dårleg varsel om jakta i fall jegeren mötte ei katte når han dro ut. Ömse fuglar kunne det og vera speleg med.
- 7) Har inkje höyrt om det.
- 8) Ole Sinnes, 75år, Fortel at fremste stykket av nakkebeinet det måtte ein helst ikkje eta. Det var det oftast hunden som fikk, og vart difor gjerne kalla "hundstykket". Det galddt for tamdyr som vart slakta, og ein kan vel gå ut frå at det var likeeins med villdyr. Veit ikkje om det var noko slag djupare meining med dette, eller om det berre var det at stykket var meir senut og seigt og blodsprengt og såleis mindre appetitleg.
- 9) Björn er det så lenge sia vi hadde her at det veit vi ikkje så visst. Men det har vore vanleg å skjera nasen av haren för ein kom heim med han. Per Sinnes trur helst det var for det at det skulle vera fårleg for kvinnfolk som gjekk med barn å sjå ein haresnute, da det förde til at barnet kunn få "harramynt". Difor våga ingen å koma heim med haren som han var. Om ikkje anna så batt dei eit plagg over nasen på han.
- 10) Ukjent.
- 11) Nei. Men harelabben har eg sett vore nytta i skulen til å törke av veggtavla.
- 12 Og 13) Nei.
- 14) Mor fortalde frå einaste gongen ho såg björn, kring 1865. Ho gjätte i lag med ein amman gjøtar i setermarka. Og vart da vare to björnar oppi lia ovafor dei. Og dei sette i med skråling og remjing alt det dei orka og evla. Og det hjelpste - björnane dro seg unna. Det var nok ei gamal råd det å laga så mykje bråk som råd. Johanne Sinnes, 70 år, fortel etter bestemor si at dei pla plukke med stein i lummene sine når dei for til gjätlemarka til å ha å kaste etter udyra når dei kom for nære. Likeeins at dei større borna vart sende ut om kveldane heime for å sjaue og skråle kring husa, så varg og björn skulle bli skrömde. Dei brukte å ha geitene gåande ute mykje så dei kunne gnaga og finne föde oppi "vedkosten" som låg i tunet.
- 15) - 18) Ukjent her.
- 19) Her har eg ikkje höyrt om slikt. Men Margit Lidal,



innflutt frå Engdal i Aure, fortel at dei der heime på sætra i gamal tid brukte å ha ei lykt hangande attmed krötera om netene når det var mørkt. Krötera var da ute på setervollen, og det var trekt eit taug kring dei så dei skulle bli i ro. Ho kan og fortelje at dei der langt attende brukte å gjæte hestane. Om det var for udyra ~~ikk~~ eller for at dei ikkje skulle koma innpå slåtteeng, det kunne ho ikkje seie.

20) Ole H. Sinnes, 75 år, har høyrt om slikt, men er ikkje god for å greie det nögnare. Gamle Enok Sinnes som levde kring 1880, er det fortalt om at han ved juletid pla ta bila si og hogge ho i veggen over fjösdöra. Det var nok ein levning av den gamle trua at stål kunne verje mot mørkemaktene.

21-22) Ikkje så eg har fått greie på,

23-24) Ukjent.

25) Både Skyttrtore og Johan Lidal trudde at om ein skaut ~~ein~~ ei katte eller kråke, så vart börsa skjemd og ubrukeleg.

Dei siste spørsmåla har eg ikkje noko å svara på. Har ikkje fått sikkert vitnemål om siste björn ekler ulv som vart skoten her. Men her var björnejegrar som vi har namn på. Per Klungervik i Snillfjord var ein, og Anders Eide og fleire. Desse levde for bortimot hundre år sia. Per Sinnes fortel at det for omlag femti år sia skulle vera sett far etter björn inni Stolsmomarka, men ingen såg dyret. Likeeins er det fortalt at Peder Eidsvoll skulle ha vorte ute for varg ein dag han var til fjells etter höylass, slik kring 1890. I min barndom var det sagt at det var sett vargspor ein andredag jul. Han skulle ha gått etter vegen eit stykke. Men ingen såg dyret da heller, så det er noko uvisst om det verkeleg var varg. Under andre verdskrigen kan ein ikkje seie at her var noko ekstra med rovdyr. Det måtte einast vera rev, avdi våpna vart borte så ingen kunne jakte på han. Men her for nokre få år sia var det fortalt om to vargar som skulle ha gått gjennom bygda. Fleire såg fara etter dei og det var visst sikkert at det ikkje var etter andre dyr. Men ingen fikk sjå dei, kor det no kunne vera.

Hemne 1/2 1962.

16977